



PLAN FOR SAMARBEID
MELLOM
BARNEHAGE/SKULE - KYRKJA I FUSA
SKULEÅRA
2013/14- 2016/17



Bakgrunn for planarbeidet



I Fusa har ein i mange år hatt samarbeid mellom barnehage/skule og kyrkje. Liknande samarbeid er det også i andre kommunar der ein etter kvart har utarbeida ein plan som viser dei ulike samarbeidstiltaka og når dei skal finne stad. Fleire har etterspurt ein slik plan hjå oss også, slik at samarbeidet kan bli meir føreseieleg og systematisk for dei ulike einingane. Ei arbeidsgruppe frå skule og kyrkje starta våren 09 med å jobbe fram eit utkast til ein slik plan.

Ein viktig føresetnad som må liggja i botn, er at skulane i Fusa er nokså ulike blant anna knytt til storleik og organisering. Ein annan faktor som ein må ta omsyn til, er behovet for tilpassa opplæring. Planen er derfor lite detaljert og gjev rom for fleksibilitet utifrå lokale tilhøve. Å orientera heimane om dei ulike samarbeidstiltaka er også vesentleg, også slik at dei som ynskjer det, kan nytte seg at fritaksretten når denne er aktuell. (Jmf. opplæringslova § 2-3a, samt rundskriv F-10-08)

Planen er bygd opp med ei kort prinsipiell innleiing, ein informasjonsdel om dei ulike samarbeidstiltaka, deretter ein skjematisk framdriftsplan for dei neste 4 åra. Den siste delen omfattar idear til andre tiltak og planar for ein ressursbank.

Planen skal prøvast ut dei to neste skuleåra (2009/10 og 2010/11). Våren 2011 bør planen evaluerast.

Grunngjeving og forankring for samarbeid

Samarbeidet barnehage/skule – kyrkje skal vere basert på gjeldande lover, læreplan og rammeplan, dessutan lokal fagplan.

I rammeplan for barnehagen heiter det (s. 41):

- Barnehagen skal bidra til at barna får innsikt i kristne grunnverdiar og plassen dei har i kulturen vår
- Barnehagen skal bidra til at barna får kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar

I læreplanen, Kunnskapsløftet, heiter det (generell del s. 4):

- ”Oppfostringen skal baseres på grunnleggende kristne og humanistiske verdier, og bære vidare og bygge ut kulturarven, slik at den gir perspektiv og retning for fremtiden.”

Samarbeidet handlar i stor grad om kulturell kompetanse, om å forstå det samfunnet ein veiks opp i, der kyrkja spelar ein vesentleg rolle, ikkje berre religiøst, men også kulturelt og historisk. Skule/ barnehage og kyrkje har ulike mandat og oppgåver i samfunnet, men på same tid har ein eit tydeleg verdifelleskap som er eit godt utgangspunkt for samarbeid.

Samarbeid skule/barnehage- kyrkja. Faste element

Alder/trinn	Tilrådd gruppestørleik	Tema	Tidspunkt	Innhald	Mål/forankring
3-6 år	10-20 stk	Julevandring	I starten av desember.	-Besøk i kyrkja. -Borna får dramatisere juleforteljinga saman med prest og kyrkjelydspedagog.	"Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar." (s.41 i Rammeplanen)
3-6 år	10-20 stk	påskevandring	Før påske (mars)	-Besøk i kyrkja. -Vandring mellom ulike stasjonar med enkle rekvisittar som fortel noko om dei ulike dagane i påskeveka.	"Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar." (s.41 i Rammeplanen)
1.-2. trinn	10-20 stk	Pinsevandring	Før pinse (mai)	-Besøk i kyrkja. -Lære om pinsa som den tredje store festen i kyrkja. -Kyrkja sin bursdag/sitt opphav. -Info om kyrkjeåret sine fargar, symbol, form og funksjonar i kyrkja. -Studie av orgelet og tur i tårnet.	-”samtale om kristendom og hvordan religiøs praksis kommer til uttrykk gjennom levereregler, bønn, dåp, gudsteneste og høytider ” (kompetansemål etter 4.trinn, 74 i Kunnskapsløftet) -” utforske den lokale kirke, finne spor av kristendommens historie i lokalmiljøet og i distriktet og presentere funnene på ulike måter.” (kompetansemål etter 4.trinn, s. 74 i Kunnskapsløftet. -”gjenkjenne kunst og gjøre bruk av estetiske uttrykk knyttet til kristendommen.” (kompetansemål etter 4.trinn, Kunnskapsløftet s.74) -”Kjenne til kristen salmetradisjon og et utvalg sanger.” (Kompetansemål etter 4.trinn, Kunnskapsløftet s.74)
3.- 4.trinn	10-20 stk	Sjekk kyrkja	Mai/juni	-Besøk i kyrkja. -Kunnskap om den lokale kyrkja si historie. -Utforsking av kyrkja. -Form og funksjonar i kyrkja. -Kyrkjelege handlingar/ritualene. Gudstenesteliv. -Tur i tårnet, studie av orgelet.	-”samtale om kristendom og hvordan religiøs praksis kommer til uttrykk gjennom levereregler, bønn, dåp, gudsteneste og høytider ” (kompetansemål etter 4.trinn, 74 i Kunnskapsløftet) -” utforske den lokale kirke, finne spor av kristendommens historie i lokalmiljøet og i distriktet og presentere funnene på ulike måter.” (kompetansemål etter 4.trinn, s. 74 i Kunnskapsløftet. -”gjenkjenne kunst og gjøre bruk av estetiske uttrykk knyttet til kristendommen.” (kompetansemål etter 4.trinn, Kunnskapsløftet s.74) -”Kjenne til kristen

					salmetradisjon og et utvalg sanger.” (Kompetansemål etter 4.trinn, Kunnskapsløftet s.74)
5.- 7 trinn	10-30 stk	Bibelen sitt innhold og oppbygning. ”Vandring gjennom Bibelen” (VGB)	November	-Besøk på skulen. -Lære om Bibelen si oppbygning; GT og NT og bøkene i NT. -Korleis finne dei ulike tekstane? -VGB er eit 4 timars kurs.	”Forklare bibelens oppbygning, finne fram i bibelske tekster og reflektere over forholdet mellom Bibelen og språk og kultur.(Kompetansemål etter 7.trinn, kunnskapsløftet s. 75) ”Gjøre rede for sentrale fortellinger fra Det nye testamente fra Jesus til Paulus.” (Kompetansemål etter 7.trinn, kunnskapsløftet s. 75) ”Forklare kristen tidsregning og kirkeårets gang, beskrive kristne høytider og sentrale ritualer.” (Kompetansemål etter 7.trinn, kunnskapsløftet s.75)
1.- 10. trinn		Julegudstenester	Desember	-I kyrkja. -Oppleving og deltaking på egne premiss av den kristne julebodskapen.	”...hvordan religiøs praksis kommer til uttrykk gjennom leveregler, bønn, dåp, gudsteneste og høytider ” (kompetansemål etter 4.trinn, kunnskapsløftet s. 74) ”Kjenne til kristen salmetradisjon of et utvalg sanger..” (kompetansemål etter 4.trinn, kunnskapsløftet s.74) ”Fortelle om innholdet i sentrale tekster fra evangeliens framstilling av Jesu liv og virke i Det nye testamente.” (Kompetansemål etter 4.trinn, kunnskapsløftet s. 74) ”forklare kristen tidsregning og kirkeårets gang, beskrive kristne høytider og sentrale ritualer” (Kompetansemål etter 7.trinn, kunnskapsløftet s. 75)

Barnehagane- kven får tilbod når??

	Skuleåret 2013/14	Skuleåret 2014/15	Skuleåret 2015/2016	Skuleåret 2016/17
Julevandring (tidleg i desember)	Alle barnehagane		Alle barnehagane	
Påskevandring (mars/ før påske)		Alle barnehagane		Alle barnehagane
Adventssamling i barnehagen (tidleg i desember)		Alle barnehagane		Alle barnehagane

Kommentar: Ein tenkjer seg at alle barnehagane skal få tilbod om ei "vandring" kvart skuleår; det eine året julevandring og det neste påskevandring. Det året det ikkje er julevandring, får alle einingane tilbod om ei adventssamling.

Staden for julevandring er den lokale kyrkja. Barnehagane i Vinnes og Strandvik er vanlegvis saman, grunna storleik. Barnehagane knytt til Fusa kyrkje blir vurdert slått saman.

Skulane- kven får tilbod når??

	Skuleåret 2013/14	Skuleåret 2014/15	Skuleåret 2015/16	Skuleåret 2016/17
Vandring gj. Bibelen – GT (november)	Alle skulane		Alle skulane	
Vandring gj. Bibelen – NT (november)		Alle skulane		Alle skulane
Pinsevandring (mai)	- Eikelandsosen - Fusa - Nore Fusa - Holdhus - Søre Fusa		Alle skulane	
Sjekk kyrkja (mai/juni)		Alle skulane		Alle skulane
Julegudstenester (desember)	Alle skulane	Alle skulane	Alle skulane	Alle skulane
Adventssamling på skulen (tidleg i desember)	Strandvik Vinnes Fusa Nore Fusa	Søre Fusa Holdhus Eikelandsosen	Strandvik Vinnes Fusa Nore Fusa	Søre Fusa Holdhus Eikelandsosen

Pinsevandring og Sjekk Kyrkja finn stad i den lokale kyrkja.

Skulane på Vinnes og i Strandvik er vanlegvis saman, grunna storleik. Skulane knytt til Fusa kyrkje vert vurdert slått saman.

Andre samarbeidstiltak

- Julegudstenester

Fusa kyrkjekontor ynskjer å gje alle skulane i kommunen tilbod om skulegudsteneste før jul jamfør oppsett i planen. Det er viktig å vere klar over at skulegudstenester er begrunna i læreplanen sin generelle del og ikkje i RLE faget. (Kristendommens plass i samfunnet med dens rytme og tradisjon, Kunnskapsløftet, generell del s. 4) Gudstenester vil ha element av utøving av religion. På barnetrinnet er det vanskeleg å vere observatør og ikkje deltakar. Skulen har ansvar for informasjon til heimane og alternativ undervisning for dei borna som foreldra ber om fritak for. Adventssamlingane i skule og barnehage(jamfør planen) er **ikkje** tenkt som alternativ til julegudstenestene/julevandring, men som eit supplement.

- Konfirmasjon

Kyrkja har lang erfaring og konkret kunnskap om konfirmasjon, og har derfor undervist om dette på det aktuelle trinnet på ungdomsskulen. Konfirmantundervisning er ikkje ein del av skule/kyrkjesamarbeidet. Eventuell konfirmantundervisning i skuletida er heimla i eigen avtale.

- Andre kontaktpunkt/praktiske avtalar

Erfaringar seier at ein del barnehagar/skular/lærarar tar kontakt med kyrkjekontoret med spørsmål om hjelp til materiell før jul eller påske. Kyrkjekontoret har ein del bøker, cdar, dvdar som kan lånast og målet er å utarbeide ein oversikt over dette, som skal ligge på www.fusasokn.no sin ressursbank. Interesserte er velkommen til å ta kontakt med kyrkjekontoret for lån av det som kan vere aktuelt.

Besøk i barnegrupper eller klassar for å ta opp tema som t.d. jul eller påske, er satt opp som faste element i planen. I kva grad ein kan imøtekomme desse ynskja, er avhengig av personalsituasjonen på kyrkjekontoret.

- Barn i sorg og krise

Kyrkja vil gjerne vere til støtte og hjelp ved dødsfall og ulykker. Me har både barnebøker og ein del faglitteratur knytt til dette temaet. Barnehage og skule koordinerer og tilkallar kyrkja sine tilsette ved behov. Prestane er ei med i kommunen sitt kriseteam og har kunnskap og erfaring

- Ressursbank

På www.fusasokn.no vil ein etter kvart opparbeide ein ressursbank som kan gje støtte til barnehage og skule i tema innan kristendom som rammeplan og læreplan tek opp på dei ulike aldersstega.